

DRØFTINGSNOTAT – FORDELINGSPRINSIPP – FELLESANLEGG NISSEDAL-DRANGEDAL

Bakgrunn

Det er etablert ei interkommunal prosjektering- og byggenemnd med politiske representantar for å utarbeide eit beslutningsgrunnlag for bygging av nytt avløpsreinseanlegg. Samstundes er det etablert ei administrativ arbeidsgruppe som jobbar tett saman med eksterne konsulentar frå Asplan Viak AS og Sweco AS.

Eit viktig tema er prinsipp for fordeling av investerings- og driftskostnader i samarbeidet. Dette notatet summerer opp den administrative arbeidsgruppa sine tilrådingar for dette.

Gjeldande prinsipp for samarbeidet

Gjeldande prinsipp er regulert i «Gautefall VA – avtale om sameige og interkommunalt samarbeid» (2015). Denne erstatta «Avtale om sameie – vedtekter om interkommunalt samarbeid» (2011).

Frå pkt. 5 i avtala:

5. Eigarforhold og ansvarsforhold

Deltakarar i samarbeidet er Drangedal og Nissedal kommune med fylgjande eigardelar:

Sameieanlegg	Drangedal	Nissedal
Vassforsyningsanlegg	38 %	62 %
Kloakkrenseanlegg	39 %	61 %
Transportanlegg-vatn	54 %	46 %
Transportanlegg-kloakk	54 %	46 %

Dette gjeld også eksisterande anlegg i kvar kommune som etter at felles drift er etablert, er ein del av felles-anlegga.

Deltakarkommunane har rett til å utnytte anlegga i høve til sin eigardel. Eigardelane representerer deltakarkommunane sin «bestilte kapasitet» i anlegga.

Frå pkt. 8 i avtala:

Deltakarkommunane skal dekke alle drifts- og vedlikehaldskostnader i Gautefallheia VA i høve til eigardelane i kvart anlegg. Drifts- og vedlikehaldskostnadene i kvart anlegg (jf. pkt. 3) skal fordelast slik:

- 50 % fordelast på kvar deltakarkommune etter bestilt kapasitet, som svarar til eigardel i det aktuelle anlegget.
- 50% fordelast på kvar deltakarkommune etter målt forbruk av vatn
- Andre drifts- og administrasjonskostnader som ikkje kan henførast til det enkelte anlegg skal fordelast 50/50 mellom deltakarkommunane.

Vurdering

I gjeldande avtale la ein til grunn ein bestilt kapasitet som er vesentleg høgare enn det ein har anlegg til i den midlertidige løysinga. Kapasiteten i dagens anlegg kan difor vanskeleg delast mellom kommunane, og det er naturleg å ha som utgangspunkt at begge kommunar har kapasitetsutfordringar, både på kort og lang sikt.

Når ein nå tek opp til drøfting fordelingsprinsipp knytt til nytt reinseanlegg, meiner arbeidsgruppa at det også er naturleg å sjå på dei andre anlegga som inngår i sameiget, både kva gjeld nyanlegg, drift og vedlikehald.

Vidare er det eit naturleg tidspunkt å evaluere samarbeidsavtala sine andre punkt, då det nå har gått 5 år sidan den vart utarbeidd.

Prinsipp for deling av nyanlegg

«Bestilt kapasitet» er eit avgjerande begrep i dagens avtale. Arbeidsgruppa meiner dette er eit godt prinsipp som kan vidareførast.

Arbeidsgruppa er samde om å legge til grunn eit likt prinsipp for kvar kommune sitt kapasitetsbehov. Dette skal ta høgde for at alle eigedomar som ligg innanfor «forsyningsområdet» er kopla på innan 5 år. Vidare skal kvar kommune legge til grunn ein årleg vekst i nybygg i «forsyningsområdet», tilsvarande gjennomsnittet av dei siste 10 år.

Dette gjev slike tal:

	Boliger		Hytter		
	Eksist	Nye	Eksist	Nye	
Nissedal	159	5	213	0	
Kyrkjebygdheia	17	0	683	350	
Fjone	79	0	261	80	
Gautefallheia vest	64		935	350	
Treungen	474	35	43	0	
Treungen Sør	0		170	20	
Tjønnefoss/Haugsjåsund	84	0	38	0	
Nissedal SUM	877	40	2343	800	
Pe	1929	88	9372	3200	
Drangedal SUM	234	0	816	700	
Pe	1680	0	3264	2800	
Totalt pe	3609	88	12636	6000	22333

Asplan Viak AS er beden om å utarbeide kostnadskalkyler for kvar kommune, basert på desse prinsippa, og der ein tek omsyn til at alternativa for plassering av reinseanlegg kan gje ulike fordelingsnøklar.

Arbeidsgruppa meiner at «bestilt kapasitet» som framkjem i dette notatet, også bør ligge til grunn for nyanlegg knytt til felles vassforsyning. Her er nytt høgdebasseng i Treungen, samt diverse utbetringar på Treungen vassverk nært foreståande.

Dersom nyanlegg både dekker eit fellesbehov og eit særleg behov for ein av kommunane, må kostnadsfordeling vurderast for kvart enkelt anlegg.

Prinsipp for fordeling av drift- og vedlikehaldskostnader

Arbeidsgruppa meiner at dagens avtale kan vidareførast, men at ein nyttar den bestilte kapasiteten som nå ligg føre.

Dette vil bety at drifts- og vedlikehaldskostnadene vil bli fordelt etter eit anna prinsipp enn eigarandelane i dei allereie etablerte anlegga.

Arbeidsgruppa har særleg vurdert i kor stor grad ein skal dele opp dei ulike transportanlegga, og nytte ulike fordelingsnøklar på desse. Konkret om transportanlegga mellom Treungen og Gautefall reinseanlegg skal fordelast etter det nye prinsippet, eller dagens prinsipp. Her har ein kome til at det er få kostnader ein kan henføre direkte til dei ulike transportanlegga, og det vil bli krevjande å gjere skjønsmessige fordelingar. Det er også vurdert at driftskostnader knytt til transportanlegga er relativt marginale. Arbeidsgruppa si tilråding er å bruke ein felles fordelingsnøkkel på heile transportsystemet.

Ved å fordele driftskostnader ved alle felles transportanlegg etter nytt prinsipp, får Nissedal noko større del av transportanlegga mellom Treungen og Gautefall. Dersom ein samstundes seier at driftskostnader ved andre felles transportanlegg som dels er dimensjonert for å handtere eit særleg behov i Nissedal, i sin heilheit vert fordelt etter nytt prinsipp, så veg dette opp for dette.

Det kan vurderast ein «sikringsbestemmelse»

I dagens samarbeidsavtale ligg det ingen bestemmelse som regulerer ei eventuell omfordeling av investeringskostnadene dersom kommunane har utnytta sin bestilte kapasitet ulikt.

Arbeidsgruppa har vurdert om det vil vere rett med ein slik «sikringsbestemmelse» nå. Det er svært lite truleg at føresetnadene som nå vert lagt til grunn, endrar seg vesentleg bare i ein av kommunane. Om så skulle skje, t.d. at ein av kommunane ikkje lykkast med å kople til alle eigedomar, ev. gjev mange dispensasjonar, så blir spørsmålet om den andre kommunen av den grunn skal dekke ein større del av investeringskostnadene. Ei utvikling må også sjåast over tid, og det at ein kommune har ei raskare framdrift i tilkoplingar enn den andre, endrar ikkje nødvendigvis den samla belastninga om 20 år.

Arbeidsgruppa har ikkje ein konkret konklusjon på dette, anna enn at det må vere vesentlege avvik i føresetnader over tid, før ei omfordeling av investeringskostnader skal vurderast.

Andre punkt i samarbeidsavtala

Punkt 9 Forvaltning og teknisk drift av felles-anlegga omtaler organisering og ressursinnsats.

Arbeidsgruppa meiner at samarbeidsavtala ikkje bør vere så detaljert og avgrensande kva gjeld ressursinnsats, som den er nå. Dette må det vere opp til rådmannen i Nissedal å vurdere og tilrå i kvart års budsjettprosess.

Treungen, 12.april 2021

for arbeidsgruppa

Jan Arvid Setane (s)

Arne Ettestad (s)